

KOMMUNEDELPLAN

RV. 13 RASSIKRING MELKERÅNA – ÅRDAL,

PLANID K201501/HJELMELAND KOMMUNE OG PLANID 1130201413/STRAND KOMMUNE

FORSLAG TIL FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER

Føresegner

- § 1-1 Formål**
Planen skal avklare trasé for rassikring av rv. 13 mellom Melkeråna (Strand kommune) og Øykjaneset (Hjelmeland kommune), inkludert kryss, tunnel, bru, og fastsette et bandlagt areal for å unngå at det etablerast tiltak i nærleiken av traseen som kan vere til hinder for den vidare planlegging og gjennomføring.
- §1-2 Forholdet til gjeldande kommuneplan**
Arealbruken med tilhøyrande føresegner og retningslinjer i denne kommuneplanen gjeld før Kommuneplan for Hjelmeland kommune, 2010-2020, vedteken 16.06.2011, Kommuneplan for Strand, 2012-2022, vedteken 12.9.2012 og andre reguleringsplanar.
- §2-1 Automatisk freda kulturminne – bandlagt etter anna lov.**
Automatisk freda kulturminner skal avklarast gjennom reguleringsplanprosess iht. til lov om kulturminner §§ 3, 6, 8 og 9.
- Det ligg automatisk freda kulturminner innafor og i nærleiken av planområdet. Tilhøvet til automatisk freda kulturminne (Kulturminnelova §§ 3 og 8) må avklarast ved regulering og bli lagt inn som omsynssonar.
- Plikten til undersøking etter §9 i kulturminnelova, må oppfyllest før reguleringsplanen kan godkjennast.
- §2-2 Nyare tids kulturminne**
Forholdet til kulturminne av nyare tid og kulturlandskap skal avklarast ved regulering.
- §3 Støy**
Støy frå biltrafikken skal tilfredsstillе krava satt i T-1442. Tiltaka skal være gjennomført før veganlegget tas i bruk.

- §4-1 Sone for bandlegging i påvente av regulering av rv. 13 Rassikring Melkeråna – Årdal (Pbl. §11-8d)**
Innafor omsynssona kan det ikkje bli gjort tiltak som kan gjere planlegginga vanskelegare eller fordyre vidare planlegging og utbygging av rv 13 på strekninga Melkeråna – Årdal. Søknadar om tiltak innafor bandleggingssona skal forleggast Statens vegvesen for uttale før vedtak kan fattast.
Det er lov å gjere tiltak på terrengnivå over tunnelen i ein avstand på minimum 50 m frå tunnelmunninga. Tiltak under terrengnivå som kan gjere etablering eller drift av tunnelane vanskelegare eller dyrare, er ikkje tillat.
- §4-2 Krav til vidare planlegging (Pbl. §11-10. pkt. 2)**
Det skal utarbeidast reguleringsplan for veganlegget med tilhøyrande side- og tilførselsveger, vegkryss samt avbøtande tiltak og omforming av sideterrenget. Areal til anleggsgjennomføring inkl. rigg- og deponiområder skal inngå i reguleringsplanen.

Vegen skal byggast som to felts veg, dels som tunnel og dels som veg i dagen, med veg- og tunnelstandard H2/T9,5 og iht. Statens vegvesen sine handbøker N100 (veganlegg) og N500 (tunnelar).

Det skal vere eit lokalvegssystem uavhengig av rv. 13 som skal sikre tilgjenge for lokaltrafikken og for gåande og syklande. Nord for Storåna skal det sikrast tilbod for gåande og syklande skilt frå vegen.
- §4-3** Inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet innafor omsynssone H730_1 (A201547), H730_2 (A53779) og 730_3 (A44489), er ikkje tillat utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Søknad skal sendast regional kulturminneforvaltning i god tid før arbeidet er planlagt satt i gang.
- §4-4 Faresone flaum (Pbl. §11-8a)**
Det tillatast ikkje etablering av nye bygg i dette området med mindre det blir utført tiltak som sikrar bygga mot flaum i samsvar med krava i byggt teknisk forskrift § 7-2.
- §4-5 Faresone ras/skred (Pbl. §11-8a)**
I området som er utsett for skred, er det krav om fagkyndig utgreiing av skredfaren i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om byggje- og anleggstiltak. Det er forbod mot utbygging i omsynssona før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for skred. Byggt teknisk forskrift § 7-3 skal leggest til grunn for tryggleiksnivå.

Retningslinjer for reguleringsplan

1. Det skal leggjast vekt på innpassing av veganlegget i det eksisterande miljøet. Det skal gjerast reie for utforming og estetiske tiltak i reguleringsplan.

Forming av veganlegget og avbøtande tiltak (tunnelportalar, fyllingar, skjeringar, massedeponi, ny vegetasjonsetablering, *støyttiltak* som er tilpassa områda rundt mm), bør ha høg kvalitet i høve til funksjonalitet og estetisk utforming.

2. Reguleringsplanen skal sikre at omsynet til m.a. naturmiljø/biologisk mangfald, vassdrag, landskap, friluftsliv og naturressursar vert ivaretatt, og at avbøtande tiltak og tilråding i konsekvensutgreiinga og ROS vert vidareført.

Riggane skal plasserast skånsamt i terrenget og ikkje leggje beslag på meir areal enn naudsynt.

3. Det skal lagas ein massedisponeringsplan for utbygginga. Planen skal ha som utgangspunkt at masser er ein ressurs som skal sikre ein god samfunnstenleg utnytting, og at naudsynte miljøomsyn tas. Planen skal vise kva for transportveger som skal brukast.

Massedisponeringsplanen skal føreleggast Hjelmeland kommune, Strand kommune og Fylkesmannen i Rogaland til uttale.

Størst mulig del av massane skal handteras og gjenbrukas på anlegget.

Overskot av matjord skal tas vare på og fortrinnsvis brukast til jordforbetring/dyrkingstiltak i jordbruksområder lokalt.

For overskotsmasser som må gå til utfylling skal det utarbeidast reguleringsplaner og eventuelt konsekvensutgreiing der det er krav om dette. Transportplan for bortkøying av eventuelle overskotsmassar skal føreleggast Hjelmeland og Strand kommunar til uttale.

4. Areal som skal nyttast midlertidig i anleggsperioda, og som ikkje er del av det permanente veganlegget, skal regulerast til gjeldande formål. Anna arealbruk kan bli avklart ved regulering. Desse områda skal tilbakeførast seinast 1 år etter opning av veganlegget.
5. Det skal utarbeidast plan for Ytre Miljø (YM-plan) og SHA i samband med reguleringsplan / byggeplan. I den forbindelse må følgjast tas med:
 - Risiko i samband med drenering av overvatn, handtering av lokalt overvatn, (anleggs- og driftsfasen). Ta høgde for klimaendringar og auka nedbørsintensitet .
 - Handtering av forureina tunnelvaskevatt (driftsfasen).
 - Transport og oppbevaring av sprengstoff i anleggsfasen.
6. Rv. 13 medrekna bruer og stikkrenner skal planleggjast slik at han tåler 200-års flaumar. Det skal utarbeidast ei hydrologisk utgreiing ved regulering.

7. I samband med reguleringsplan skal det utarbeidast overordna plan for anleggsgjennomføring. Planen skal sikre trafikkflyt, god trafiksikkerheit og tilgjenge for alle trafikantgrupper, samstundes som HMS for anleggsarbeidet skal ivaretakast.
For alternativ 7 skal det utarbeidast detaljerte planar for anleggsgjennomføringa.
8. Det skal vurderast om overvatn og vatn frå tunnelarbeid som vert leda til Storåna og Spjotåna vassdraga må reinsast, via sedimenteringsdammar, sandfilter-/våtmarksfilter, ev. via andre tiltak som vil gi den same effekten.
Risiko knytt til handtering av overvatn skal vurderast.

For alt. 2A, B, C: Ved anlegg av ny bru over Storåna bør ein unngå inngrep i sjølve elveløpet i den viktigaste perioden laks og sjøaure vandrar opp, dvs. omlag juni – september.

For alt. 7: Viss det blir aktuelt å legge om Spjotåna sitt elveløp, må avbøtande tiltak planleggast i detalj i samråd med biolog og hydrolog.
9. Anleggsarbeid skal skje innafor retningslinjene for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442) og retningslinene for forureining.

Ved behov skal det etablerast midlertidige fangdammar i anleggsperioden for å unngå auka tilførsel av partiklar til vassdraga.

Midlertidige riggområde skal også bli utforma med nødvendig muligheit for oppsamling av forureina stoff. Dei midlertidige anlegga skal blir godkjente av Hjelmeland kommune.
10. For å redusere endringane i driftsforhold til landbruket skal følgande vurderast ved regulering:
- Planlegging av permanente og midlertidige tiltak, skal i størst mogleg grad unngå avgang av dyrka mark og unødig hogst.
 - Etablering av driftsvegar for å lette driftstilhøva.
 - Gjennomføre jordskifte som sikrar best moglege driftseiningar i framtida.
 - Reetablere, ny etablere jordbruksareal med bruk av eksisterande jordmasser. Stort tilfang av masse frå driving av tunnelar kan nyttast for å auke landbruksareal.
11. Driftsvegar, rigg- og deponiområder må ikkje leggjast til område som er viktige for naturmangfaldet, t.d. i kartlagde naturtypelokalitetar, nær inntil vassdraga slik at det kan redusere kvaliteten på gyte- og oppvekstområde for fisk eller nær yngleområder for sårbare fugleartar.

(Alternativ 4): Ein bør unngå anleggsarbeid ved tunnelpåslaget i Målandsdalen i perioden februar – juni.
12. Område nær anleggsområda med naturverdiar (naturtypelokalitetar), må merkast tydeleg i marka slik at ein kan unngå unødig skade på viktig naturmiljø.
13. Omsynet til mjuke trafikantar skal ivaretakast særskilt i anleggsfasa.

Eksisterande turveger skal oppretthaldast. Kryssingspunkter skal søkast bevart og naturleg nye etablerast.

14. Eksisterande rv. 13 må vedlikehaldas for å kunne oppretthalde moglegheita for omkøyning ved stengt tunnel.
15. For alternativ 7 skal prosedyre for gjennomføring av massefortrenging utarbeidast og godkjennast av Fylkesmannen.
16. Det skal gjennomførast supplerande grunnundersøkingar.

Stavanger, 01.10.2015